



# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 2 – JUNI 2005 – 8. ÅRGANG



## 10 millioner til seterprosjekt

På tampen av jordbruksforhandlingene ble det enighet om et større seterprosjekt. Staten foreslo opprinnelig et sterkt geografisk avgrenset prosjekt, men det endte med at prosjektet skal omfatte tre fylker. Det er grunn til å tru at bl.a. påvirkning fra Norsk seterkultur var medvirkende til at prosjektet på denne måten omfatter et større område og får et bredt fokus. NSK har allerede kommet med innspill til avtalepartene om hvordan prosjektet bør utformes.

I sluttprotokollen for jordbruksoppgjøret står følgende om prosjektet. –"Partene er enige om at setring er en viktig del av vår kulturarv, og at setra og setring har et stort potensial i reiselivssammenheng. Landbruks- og matdepartementet vil derfor innarbeide satsing på næringsutvikling i forbindelse med setring i næringsutviklingsstrategien (Landbruk - mer enn land—bruk) som skal gjennomgås og justeres i løpet av inneværende år. I dette ligger det også at setring gis vekt når fordelingen av BU-midler til fylkene finner sted.

I tillegg er partene enige om et geografisk og tidsavgrenset seterprosjekt som skal stimulere til økt næringsaktivitet i forbindelse med seterdrift/stølsdrift. Dette knytter seg til blant annet produktutvikling og turisme. Prosjektet foreslås å omfatte Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal. Mandatet for prosjektet utarbeides av Landbruks- og matdepartementet etter samråd med avtalepartene. Partene er enige om å øremerke 10,0 mill. kroner over en 5 års periode. Prosjektet skal gi nyttige erfaringer både i forhold til prosess, produkt, markedspotensialet osv. Partene legger derfor stor vekt på prosjektets overføringsverdi. Det er viktig at erfaringer fra prosjektet blir formidlet til øvrige setermiljøer i landet."

Norsk  
Seterkultur



## Neste blad

er planlagt utgjeve ca. 1. oktober, med frist for stoff, meldingar, annonsar 15. september. Vi treng bidrag, og no når setersommaren står for døra kan vi berre seie: ta penn (eller pc) og fotoapparat fatt – og bring vidare positive seteropplevelsar gjennom Seterbrukaren!

## Fotokonkurranse

Vi tillyser med dette ny fotokonkurranse! Premien er bok eller seterprodukt, og ikkje minst, presentasjon av foto i Seterbrukaren!

## Årsmøte

Siste årsmøtet i Norsk seterkultur 17. april gjorde vedtak om ei endring i vedtektene som seier at årsmøtet skal haldst i tida oktober-november. Grunngevinga for endringa gjekk på at hausten er ei meir eigna tid enn våren, folk har kanskje litt betre tid, buskap og avling er kome i hus, det er framleis muleg å køyre dei fleste av fjellvegane - og årsmøtet kan jamvel leggast til stølsområde.

Årsmøtet vedtok i allefall at endringa skal gjelde alt frå i år, og dermed blir det eit kort arbeidsår før neste årsmøte.

Styret kallar såleis inn til årsmøte søndag 23. oktober, med fagseminar laurdag 22., i Sigdal i Buskerud. Detaljar om opplegget og årsmøtedokument kjem seinare, på nettsida og i samband med neste utgåve av Seterbrukaren.

### Styret:

Jostein Sande, leiar  
6214 Norddal.  
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksen Sole, nestleiar  
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50  
kjersti.sole@skjaak.kommune.no

Sissel Dahle Lie, Skrenten, Øystre Slidre.  
2950 Skammestein  
Tlf. 61 34 12 45

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 Jondal  
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55

Gjermund Stormoen.  
TINE BA, Pb 25, 0051 Oslo  
Tlf 22938800 - gjermund.stormoen@tine.no

### Varamedlemmer

Elin Rønning, Meråker. Tlf. 90 96 74 60  
Ingrid Arneng, Heggnes. Tlf. 95 78 32 06  
Marit Hoel, Molde. Tlf. 71 24 46 04

### Utgjevar:

#### Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS

Trykk: Birkeland trykkeri

**Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.**

### Framsidedfoto:

Foto: Marit Røvang m.fl.

# Sommer og seterstell

Våronna er unnagjort. I år var det mye mark som måtte repareres – etter at vinteren hadde lagt et isdekke over enga – med overvintringsskader som resultat. Vi er av de få som driver kombinert med ku og sau og nå er den lille saueflokken sluppet på vårbeite – og vi stunder mot at snøen i fjellet skal forsvinne – og dyra skal nyte friheten på sommerbeite.

Endelig har det også blitt såpass varmt i lufta at kyrne kan ut. En daglig luftetur i "baksida" setter de tydelig pris på!

Hos oss har vi et lite "pusterom" nå. Setersesong og sommerarbeid skal planlegges og forbedes. På setra ser vi tydelige spor etter vinteren med dens ubedne "leieboere"; Seterstugu og fjos trenger sårt en omgang soda og såpevann! Gjerder må gås over og vedlikeholdes. Fjoset må også få en "ansiktsløftning" i år. Jau, her er nok å gripe tak i...

Våre tanker og forberedelser er av det tradisjonelle slaget. Husdyr og gardsdrift krever planlegging og organisering – det veit vi alle!

I sluttprotokollen fra jordbruksforhandlingene leser vi at seterdrift og seterkultur har så mye godt i seg at driftsformen bør være en gullgruve for kremmersjeler. Det er sågar et eget prosjekt på trappene som skal stimulere trauste budeier og budører til å bli innovative og kreative reiselivsaktører. - Ære være alle som har arbeidskraft, fantasi og pågangsmot til å sjå og utnytte de mulighetene setra kan gi til – forhåpentlig - ekstra påfyll i skillingpungen. Det er etter hvert blitt mange og gode reiselivssetre – med et mangfoldig tilbud for opplevelses-hungrige og skuelystne turister.

Setersatsinga i årets jordbruksavtale er slått stort opp. Vi ser også at setra skal gis prioritet i BU-sammenheng. Setra skal være i høgste prioriterte gruppe ved tildeling av investeringsstøtte fra Innovasjon Norge. Det gjør godt å få mye og positiv fokus på seterdrift og seterkultur. Det er en driftsform som fortjener å bli løfta opp, få oppmerksomhet – og støtte. En hadde sjølv sagt håpet at mjølkeproduksjon m/seterdrift – i tradisjonell forstand – kunne vært det primære tema.

Det er tross alt det tradisjonelle seterbruket som er bærebjelken, og det er dette vi ikke ønsker skal gå en langsom død i møte. Å sikre drifta på enkeltsetre er den største og viktigste utfordring vi har. Prosjekter som rettes mot tilleggsnæring vil treffe noen seterbrukere – ikke alle. Vi trenger en politikk rettet mot alle seterbrukere. Det betyr generelle økonomiske virkemidler som er med å sikrer inntekta på mjølkebruket m/seterdrift.

Kjersti

# Årsmøtehelga i Oslo

17. og 18. april var det seminar og årsmøte i Norsk seterkultur. Denne gongen var det lagt til Oslo, og ein nytta høvet til å utfordre både departement og faglag til å koma med synspunkt på framtida for seterdrifta. Anne Marie Glosli, Landbruks- og matdepartementet, Svein Guldal, Bondelaget, John Petter Løvstad, Småbrukarlaget, Per Olaf Lundteigen, politiker og seterbrukar, Andreas Kokkvold Tveit, Natur og Ungdom (NU) – og Øystein Dahle, World Watch Institute, Frifo m.m. sto for spennande innlegg på seminaret. Det var semje om at seterdrifta er verdt å satse på, men sjølv sagt ulike innfallsvinklar og prioriteringar. Positivt er det i allefall at det er eit aukande fokus på seterdrifta, at så vel fagfolk på mange felt som styresmakter og landbruksorganisasjonar har større interesse for denne driftsforma enn før – og kjem med offensive forslag. Frå NU vart det særleg orientert om prosjektet Grønt Spatak,

som dei driv saman med Norsk Bonde- og Småbrukarlag, i godt samarbeid med Felleskjøpet og Norsk seterkultur. Interessen for opphald og arbeid på seter er stor. I 2004 var over 80 ungdomar på seter eller beitetilsyn. Øystein Dahle avslutta seminaret med å sette seterdrifta inn i eit større perspektiv. I eit, som vanleg, svært engasjert innlegg dro han opp både dei enorme globale miljøutfordringane vi står overfor og kor viktig det er å ta vare på eit småskala landbruk og seterdrifta.

### ÅRSMØTET

Den mest tidkrevjane delen av årsmøtet var gjennomgangen av vedtektene. Årsmelding og rekneskap vitnar om ein organisasjon med større aktivitet enn det økonomien strengt teke har rom for. Men med god dugnadsånd og gratisarbeid har det vore nok eit aktivt arbeidsår. Det vart likevel peika på



## Seterbrukerne i Sunndal har etablert nettverk

Reiselivsplanen for Sunndal Kommune i Møre og Romsdal har vedtatt å satse på setrene i kommunen. Planen skriver: "Setrene i Sunndal har et stort potensiale. Tre setre driver på den tradisjonelle måten i kommunen. Gammelsetra i Grøvdalen, Renndølssetra i Innerdalen og Torbusetra i Torbudalen. Alle setrene ligger i eller i nærheten av nasjonalpark eller landskapsvernområder, og kan bli et eksotisk produkt med bra profileringseffekt. Setrene ligger også i rutenettet for turistforeningene, og er med å heve opplevelsen for de som går i fjellet.

Arbeidet med å sette strategiplanen i verk skjer i regi av Sunndal Aktivum (Nærings-

selskap) og det er tatt et initiativ til å lage et nettverk bestående av setereierne for å utvikle produktene og øke inntjeningen, samtidig som man ønsker å utvikle seter-opplevelsen for reiselivet generelt i kommunen.

I første omgang arbeides det med felles markedsføring av de ulike tilbudene som setrene har når det gjelder seterprodukter, servering, seterkurs, dagsbesøk, guiding og overnatting. Det arbeides også med å lage en gaveartikkel bestående av seterprodukter som det øvrige reiselivet kan selge til turister, på nettet, eller har fra tidl. blad)



### Seterstreif i Vangrøftdalen

i Os i Østerdalen søndag 17. juli 2005 kl. 11 - 16. En unik mulighet til å besøke setergrenda Kløftåsen i Vangrøftdalen - aktiv seterdrift og dyr på utmarksbeite! Traktor og hestekyss, matsalg, utstillinger, natursti, småstreif i kulturlandskapet mv.

Pilegrimsstreif fra Kløftåsen til Spellmovollen kl. 16 - 20 (omvisning og mat på Spellmovollen) - påmeldingstur. Urtebrennevisningstreif med departementsråd Per Harald Grue - påmeldingstur. Folketonekonsert på Spellmovollen lørdag kveld (16.07.05). Fullstendig program finner du på nettet. Informasjon og påmelding (til en del av aktivitetene) til Fjellfølge 48109683.

### Mange seterarrangement

Det er svært mange seterarrangement i sommer. Mange er knytt til "Streif", men det er også ei rekke tradisjonsrike og nye seterstemne/seterhelger utanom disse. Nokre er allerede gjennomført i juni, men det er først fra begynnelsen av juli det tar skikkelig av. Vi nemner Streif på Drotninghaugstølen i Sykkylven 3. juli, Bufersdag i Budalen 9. juli - med svensk deltagelse og markering av unionsoppløysinga 1905 og Seterstreif i Vangrøftdalen i Østerdalen 17. juli. Vi forsøker å informere om disse arrangementene

på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) Meld gjerne frå om slike arrangement, så skal vi leggje det ut på Seterkalenderen eller nyhendesida. Vi oppmodar også om å få tilsendt foto og omtalar av dei mange seterarrangementa, slikt vi kan formidle vidare på nettet eller i bladet. Norsk seterkultur blir representert på ein del av arrangementa, men organisasjonen har ikkje kapasitet og ressursar til å vera alle stader.



### Stavali

24.-28. august markerer Norsk seterkultur Friluftslivets år og 100-årsjubileet for Noreg som eigen nasjon på Stavali på Hardangervidda. Der blir det høve til å vera med på eit mangfold av stølsaktivitetar, og søndag 28. er det buføring heim. Odd Arne Espeland og familien har støla på Stavali sidan 1997. Odd Arne kjenner vi som styremedlem i Norsk seterkultur - og elles blir Marit Hoel, også

mangeårig drivkraft i NSK, med på å leggje opp arrangementet på Stavali. For detaljar, sjå [www.hordastreif.no](http://www.hordastreif.no) eller [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

at økonomien må styrkast. Oppgåvene og utfordringane er mange og store, og det vart understreka at Norsk seterkultur fortener ein skikkeleg økonomisk støtte for det viktige arbeidet organisasjonen gjer.

Styret valde ei vedtekstnemnd hausten 2004 - Ragnhild Grendal, Reidun Skånsar, Pål Aukrust og Marit Hoel. Dei gjekk gjennom vedtektene og leverte innstilling ved årsskiftet. Denne vart lagt fram for årsmøtet, som følgde dei fleste framlegga. Vi nemner dei viktigaste endringane: Nytt pkt. 4.2. For aktive seterbrukarar: ein kontingent pr. bruk, og kvart bruk kan ha inntil to medlemar. Er det to medlemar skal båe namna registrerast. Endring i pkt. 5.3.: årsmelding og valnemnda si innstilling skal sendast ut med innkalling til årsmøtet. Vidare: "Kunngjering av tidspunkt og stad for årsmøtet skal gjerast kjent for medlemane minst 8 veker før. Samtidig skal også tidsfrist for innsending av saker

for behandling på årsmøtet kunngjerast. I pkt. 5.7. om kva årsmøtet skal handsame er budsjett, honorar/godtgjersle til tillitsvalde og uttalerett for andre enn medlemar lagt til. Vidare: "Styret har rett til å leggje fram saker som ikkje står oppført i saklista. Det gjeld ikkje endringar i lover for organisasjonen". I pkt. 5.8. om valnemnda er det lagt til at den skal foreslå varamedlemar til styret og revisor, og at valnemnda skal kome med forslag til honorar/godtgjering til tillitsvalde. Vedk. pkt. 6.1. om styret vart landbruksamvirkets plass i styret vedtektsfesta. I pkt. 6.2. går det fram at val av leiar skal vera skriftleg, og pkt. 6.3. om at ingen kan sitte i styret meir enn 6 år vart stroke. I tillegg vart det vedteke å endre tidspunktet for årsmøtet.

### NYTT ÅRSMØTE I HAUST

Det vart eit lengre ordskifte om tidspunkt for årsmøtet, først og fremst ut frå ynskjett

om å finne eit tidspunkt som høver for fleire av medlemane. Eenden vart eit vedtak om å flytte årsmøtet til hausten - oktober/november, med verknad alt frå 2005. Det betyr altså at det blir to årsmøte i år.

### VALG

#### Årsmøtet følgde valnemnda si innstilling.

Jostein Sande, Norddal, gjenvalgt som leiar (1 år), Kjersti Reksen Sole, Lom (ikkje på valg), Odd Arne Espeland, Jondal i Hardanger (gj. valg for 2 år), Stein Brubæk, Angvik (ny for 2 år), Gjermund Stormoen, TINE, representerer landbruksamvirket.

#### Vararepr:

1. Elin Rønning, Meråker (ny),
2. Ingrid Armeng, Valdres (gj. valg),
3. Marit Hoel, Molde (ny).

#### Valgkomiteen 2005:

Reidun Skånsar, Lom, Pål Aukrust, Os i Østerdalen og Bjørg Karin Brataker, Hovet i Hallingdal



# Seterliv på Jønnhalt - Ringebufjellet 2005

Vi kjøpte bruket Gudbrandstugu på Kjønås i Ringebu kommune hausten 2004. Det er eit gammalt husmannsbruk, som vart sjølstendig så seint som fyrst på 50-talet. Bruket har ikkje eiga seter, anna enn ei seterkeve langt framme, som opphaveleg var ei heimseter, trur vi. Det er ingen som huger at det har vore hus der, men det vart slått der. Dei seinare åra har det vore brukt til hamn. Derfor har vi leigd oss seter av eit nabobruk. Setra ligg på Jønnhalt, ein seterstul ca. 2 mil ifrå Ringebu sentrum. Den ligg berre 6 km. frå riksveg 27, som går over Ringebufjellet - eigentleg Venabygdسفjellet. Det er Fride Gunn Rudi som fortel dette – og vi registrerer stor entusiasme for å koma i gang med seterdrift. Og vi vil gjerne høyre meir om både gardsdrifta og seterdrifta.

## MYKJE TRAFIKK OVER FJELLET

Langsmed denne vegen, som går over til Sollia, Atna, vidare til Folldal eller Østerdalen, er det mange store turistbedrifter og to hotell. Slik sett ligg setra gunstig til i



turistsamanheng, men samstundes fredeleg. Det er mange setrer omkring der, men ingen i vanleg drift, diverre. Men området er iallefall “naturleg”, d.v.s. ingen straum eller andre utbyggingar. Litt innafor ligg det ei seter som er ombygd til turistformål, men i lita, “naturleg” utforming, fortel Fride. Der er det moglegheit for overnatting og servering etter avtale.

## LITE BRUK MED ALLSIDIG DRIFT

Bruket til Fride og Einar Rudi er på berre knappe 30 da innmark, så noko stordrift blir det ikkje, men vi vil da prøve å drive “spesielt” og utnytte alle ressursane vi har. Eg har lese om mohairgeit og interessert meg for dei i mange år, og så var vi heldige som fekk låne ein flokk ifrå Gausdal. Vi har fått sju killinger som vi får overta, medan dei vaksne blir sendt heim att til hausten. Slik kan vi sakte og sikkert bygge oss opp ein flokk. Ellers har eg drive med sau før, og nå er lykka fullkomen da eg har fått moglegheita til det att. Vi kjøpte inn ni svarte/grå dalalam av bror til Einar i haust, seks av dei har fått ti lam til saman. Desse skal eg kanskje bruke ulla av sjøl. Men det blir litt travelt i sommar, da vi skal bygge om huset her. Men det gjev god grunn til å vera på setra heile sommaren!

Planen er da å få tak i ei brakke der eg kan ha produkta eg skal prøve å selja i. Så skal vi ha med geit, 12 kopplam som vi har fått tak i, ein hest som eine jenta vår skal tilby barnriding på, og kanskje eit par dølakukalvar, og eit par grisar. For at det skal bli liv og noko

å stelle med for barn som kjem innom, seier Fride. Elles er Fride aktiv med teikning og måling, og både bilete, postkort o.a. vil bli tilgjengeleg for sal på setra, saman med ulike produkt frå andre i bygda. Fride kallar den verksemda ho er i ferd med å bygge opp for “Fjellrosa”, som eit tillegg til bruksnamnet Gudbrandstugu. Opningstidene på setra blir onsdag, torsdag, laurdag og søndag.

Bruket har synleg historie heime: dyregrav og mange kolgroper. Dette synest vi er moro og fasinerande, og kan sikkert utnyttast på ein eller annan måte i opplevingssamanheng. Området fornminna ligg i blir brukt til hamning, og hos naboen er det skog, så desse eldgamle spora etter menneskeleg verksemd får liggje i fred. -

Vi har planer om å leggja om jorda til økologisk drift, fortel Fride. Hadde vi greidd å foredle mykje av sauekjøtet sjølve, seld fernalår t.d., ville inntekta gått mykje opp. Men sjølsagt kan vi ikkje gape over for mykje til å byrje med. Det blir iallefall travelt i sommar med både seteroppstart og husbygging.





# ”STØLEN VÅR”

*BJØRG SØNDROL SILBERG, VALDRES FOLKEMUSEUM*

På grunnlag av lange historiske liner og stor kulturhistorisk verdi for samtida peika Valdres Folkemuseum, midt på 90-talet, ut stølsdrift som eit av tre hovudsatsingsområde. Framleis er stølslivet ein viktig del av identiteten til folket i Valdres, og interessa for denne gamle driftsforma har dei siste åra vore stigande både blant lokalbefolkning og turistnæring.

## HISTORIKK

At stølsbruket har lange tradisjonar attende i tid er det ingen tvil om, og mange hevdar at stølsbruket er like gammalt som busetnaden i fjellbygdene. Når det gjeld Valdres ber dalen namnet sitt med rette og blir tolka som ”skogbeitedalen”, dalen med beite i li og fjell. Det er rimeleg å tru at stølane vart tekne i bruk så snart ein hadde fått auge opp for verdiane av fjellbeite. Til dei fleste gardsbruk var det som oftast minst to stølar, heimstøl og langstøl, og i eldre tid flytta dei mellom fleire stølar. Dette innebar mange flyttedagar gjennom sumaren og sjølv sagt kan ein spørje kvifor dei bruka så mykje krefter på all flyttinga. Ein grunn var at dyra skulle ha fersk hamne, fjellbeite auka avdråtten og dei sparte på heimehagen. Stølane utgjorde samstundes ein viktig ressurs som førtilførsel til garden, for hadde dei mange stølar hadde dei òg mange stølsvollar å slå.

## STØLSOMRÅDET PÅ MUSEET

Alt i 1940-åra hadde leinga ved Valdres Folkemuseum lagt fram planar om ei stølsgrend på området. Men grunna plassproblem kunne ikkje planane realiserast før utpå 50-talet, då museet fekk 100 nye dekar til disposisjon. Anlegget vart plassert øvst på området som ei markering av at det skulle ligge i lang avstand frå gardane. Størsteparten av utmarks-, støls- og høgfjellsavdelinga vart bygd opp i denne perioden og der mellom anna fem stølshus frå det gamle stølslivet fekk plass.

Under åra har synet på museumsarbeidet endrar seg og i seinare tid har styresmakterne kome med krav om at me ikkje berre skal formidle kunnskap om fjern fortid, men vera opptekne av vår nære fortid og samtid. Musea er pålagt å byggje opp og ta vare på samlingar som kan gje eit representativt og dekkjande bilete av historia. Desse nye krava høvde godt saman med planane museet hadde for nyare stølsdrift. Ein støl frå 1940-talet var avertert til riving/flytting fordi heimegarden var omdisponert og hadde mista stølsretten sin. Slik fekk museet kjøpt både sel og fjøs og desse fekk plass ved sida av dei eldre stølshusa. No kunne museet gje eit

godt og representativt bilete av byggeskikk og utviklingshistoria til stølsbruket frå tidleg 1700-tal og fram til 1950.

## FORMIDLING AV STØLSKULTUR

Det synt seg ganske snart at den nye stølen var godt eigna til formidling, men då museet overtok selet var det heilt tomt for inventar. Mykje tid og planlegging vart difor bruka i arbeidet med innbuet, det skulle vera så fullstendig og autentisk som muleg og slik det hadde vore vanleg på stølane, detaljane vart knyta til daglege gjeremål som kunne skape liv og vera truverdige. Når publikum kjem med positive tilbakemeldingar på at dei ”kjenner seg att” meiner me at målet er nådd, rekonstruksjonen ligg nært opp til røyndomen og vår nære historie.

Fyrste sumaren var selet ope ei veke frå midten av juli, seinare har me utvida til to. Inne driv budeia med tradisjonelle aktivitetar som ysting og kinning og alle besøkande kan delta og lære. Dei som vil kan setje seg ned med ei kopp kaffi, smake på ulike stølssprodukt og få informasjon om stølslivet. Uteområdet er lagt til rette med stølsjorde, bekk og avkjøling slik det har vore vanleg på stølane. Geitene går på stølsvollen, me har høner av ulike slag og ungdyra får gå fritt. At born og dyr trivst godt i lag har me fått mange prov på gjennom desse åra. Mange born har ikkje dagleg omgang med dyr og sjølv om dei ofte kan vera skeptiske i starten, vågar dei seg etterkvart inn til geitene som på si side set stor pris på klapp og kos.

Tilbakemeldingane museet har fått på tiltaket er ein-sidig positivt. Den nye stølen fungerer godt som lokalitet for formidling, og besøkande set stor pris på aktivitetane. Dei eldre nikkar atkjennande og mange let seg inspirere til å fortelje frå egne stølsopplevingar, atter andre er overraska over at det framleis fins att stølsdrift i Valdres. Utlendingane er like begeistra og synes dette er veldig eksotisk. Franskmenne, og særleg dei godt vaksne, fortel om osteproduksjon og ”la vie d’alpage”. Stølsdrift er nemleg ikkje noko særlege for Noreg. Museet kan sjølv sagt ikkje gje eit heilt realistisk bilete, men me kan gje smakebitar av og auke interessa for driftsforma. Samstundes vera eit bindeledd mellom turistar og dei som driv aktiv stølsdrift.

## BORN OG UNGE

Mange av våre besøkande er born og for museet er dette ei prioritert gruppe. Målet med formidling av stølsdrift er å gje dei unge kunnskap om og innsikt i korleis ressursane vart utnytta. Vidare gje dei ei oppleving av noko som snart er unikt for regionen Valdres og sikre at ein viktig del av kulturarven vår blir overført til nye generasjonar.

## STATUS FOR STØLSDRIFTA I VALDRES

Dei siste åra har me diverre sett at mange legg ned stølane, frå 417 einskildstølar i 1995 til 287 i 2004. Dette er ein alvorleg trussel både mot jordbruket som levedyktig næring og kulturlandskapet som gror att. Til alt hell har landbruksavdelinga hjå fylkesmannen i Oppland teke tak i dette og seier at stølsdrift er eit prioritert emne. Tidlegare var produksjonstilskot til alle bønder som hadde mjølkeproduksjon på stølen likt. Frå i år (2005) blir stølsdelen av produksjonstilskotet tillagt fylkesmannens landbruksavdeling, og vil koma innunder ordninga med ”regionalt miljøprogram”. Det vil i hovudsak handle om stølsdrift, kulturlandskap og landbruksforureining. Når ordninga blir flytt ned på fylkesnivået, vil det også kunne bli ulike tilskotssatsar mellom fylka. Eit av resultatane kan bli at me i framtida får nokre få ”stølsfylke”. Oppland er det fylket i landet som har flest stølar i drift, og her blir tilskotet frå i år dobla. Det ligg an til å bli auka til maksimalt 28 000 kroner (avisa Valdres 02.04.05).

Stølskulturen er eit møte mellom natur og kultur og bruken av utmarka har heilt frå gamal tid vore med på å utforme kulturlandskapet og seta preg på levemåten. Sjølv om mange stølar er lagt ned dei siste åra har me tru på at denne særlegne driftsforma vil halde seg levande. Tittelen på prosjektet ”Stølen vår” har som mål at alle skal føle at dei har del i og eit eigarskap til stølen. Planane til museet framover er å skape eit stølsmiljø der kunnskap om stølskultur og formidling vil stå sentralt.



*Kvikakesteiking.*

# – nøklar til god utvikling i seterområda?

*AV KAROLINE DAUGSTAD,  
NORSK SENTER FOR BYGDEFORSKNING*

Mange seterområde er heldigvis enno prega av aktiv seterdrift. Dei same seterområda er attraktive også for andre som vil ha hytte, gå på tur, oppleve stølsturisme eller på anna vis bruke seterlandskapet til rekreasjon. Seterområda har også viktige kulturminnekvallitetar, mange seterområde har vore i bruk i lang tid. Den nære historia ser vi tydelegast i bygningsmasse og arealbruk, mens eldre spor etter gamle buplassar, jernproduksjon eller fangstaktivitet ofte ligg under jordoverflata og krev fagleg kunnskap for å bli tydelege. Kva skal til for å sikre ei god utvikling i seterområde der det er eit mangfald av interesser og aktørar og der same landskap skal innfri ulike og ofte motstridande krav? Korleis kan ein planlegge og forvalte for godt samkvem mellom seterbrukarar og hyttefolk? Korleis få til både aktivt seterbruk og god ivaretaking av kulturminne og verneverdiar?

Desse spørsmåla er sentrale i eit nytt forskingsprosjekt der Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) og Norsk institutt for bygdeforskning samarbeider. Prosjektet er finansiert av Norges forskningsråd og går over tre år. Prosjektleiinga ligg hos NIKU.

Prosjektet skal spesielt sjå på kva slags rolle ulike former for kunnskap har når seterlandskapet skal brukast, planleggast og forvaltast. Med kunnskap meines både den akademiske formelle kunnskapen som ofte

det offentlege apparatet står for, og den erfaringsbaserte lokale kunnskapen som ein finn hos dei som brukar og lever av landskapet. Formal-kunnskapen har til no hatt den dominerande rolla i landskapsplanlegging og –forvaltning. Samstundes har det dei siste åra vore eit uttalt mål frå myndighetene om lokal deltaking i forvaltninga av både kulturlandskap og natur. Ein konsekvens av det vil vere at den lokale kunnskapen om ressursbruk og forvaltning blir tydeleggjort.

Eit anna viktig forhold prosjektet skal sjå nærare på er samarbeid og nettverk. Med fleire og dels motstridande interesser på same område er det avgjerande korleis desse samverkar eller ikkje. Får ein til strategiske alliansar for felles nytte, eller er samarbeid og nettverk mest viktig for å styrke ”stridande partar” internt?

For å få kunnskap om desse spørsmåla skal prosjektgruppa studere to seterområde: Budal i Sør-Trøndelag og Golsfjellet i Buskerud. I Budalen er enno setra avgjerande for mjølkeproducentane. I dalføra Budalen og Endalen er det over 20 setre i aktiv drift. Dei fleste av desse ligg innanfor to landskapsvernområde i tilknytning til Forolhogna nasjonalpark. Seterlandskapet i Budal har lenge fått spesiell merksemd frå både landbruks- og miljøforvaltninga på fylkesplan. Tilskotsmidlar har retta seg mot arealbruk og bygningar for å oppretthalde kulturhistoriske kvaliteter. Budal har også ei rolle utanfor Sør-Trøndelags grenser gjennom interreg-prosjektet ”Grenseløs seter-/fåboddraft i Nordens grønne belte”. Her går seterbrukarar og landbruksforvaltning i Sør- og Nord-Trøn-

delag saman med Jämtland og Härjedalen inn for å styrke seterbruket. Det skal ein få til gjennom samarbeid, erfaringsutveksling og kompetanseutvikling på tvers av riksgrensa. Både den høge seteraktiviteten, landskapsvernet og nettverket mot nabofylka i nord og aust gjer Budalsområdet interessant for forskingsprosjektet.

Det andre området prosjektet skal sjå nærare på er Golsfjellet. Dette fjellområdet er viktig både for landbruket og reiselivet. Gol kommune har 30-35 setre i drift. Om trent halvparten av det dyrka arealet i Gol finns i fjellet, så landbruksinteressene er svært tydelege. Gol er også ein tung reiselivskommune med store hotell og mange hytter. Og presset på meir hyttebygging er stort. I tillegg til kombinasjonen landbruk og reiseliv/hytter, er også samarbeid eit viktig nøkkelord for at Golsfjellet er spesielt interessant å sjå på. Golsfjellet utmarkslag har i lag med reiselivet vore pådrivarar for å få til eit heilskapleg grep på planlegging i dette fjell- og seterområdet. Først vart det laga ein masterplan for Golsfjellet, denne vart vidareført som kommunedelplan vedteken i 2003. Planen er eit styringsreiskap både for landbruks- og reiselivsinteressene. Men seterdrifta er nedadgåande også i dette området, og landskapet endrar karakter. Tidlegare ope beite- og slåtteeareal gror til. For å bremse slike prosessar har landbruket og reiselivet sett i gang eit prosjekt der geita skal utprøvast som landskapsskjøttar. Vi kjem gjerne attende med meir frå forskingsprosjektet i seinare nummer av Seterbrukaren.



*Geit blir brukt til skøtsel av landskapet på Golsfjellet.*



# Seterlivet- eventyret som vart borte

Den gongen eg var lita jente, brukte mor og vi ungene å tilbringe mykje av sommaren på hytta. Kvar dag rodde vi over Pollvatnet for å hente fersk mjølk i eit spann. Aldri kjem eg til å gløyme den gode seterlukta, ei lukt som inneheldt det meste av det som går både inn i og kjem ut frå kua. Ei lukt som aldri er nokon annan stad enn på ei seter, ei lukt som dei unge i dag dessverre aldri vil få oppleve.

Dessverre, fordi den lukta var god, og vitna om kyr som levde eit lykkeleg liv i skog og utmark og åt den naturlege føda for slike dyr, utan innblanding av kraftfor og silomat.

I fjøset mjølka Anne budeie kyrne under det låge taket, der det berre var vesle meg som slapp å bøye meg når eg gjekk gjennom døra, - til og med kyrne måtte senke horna for å kome inn. Og når ho var ferdig med stellet, vart vi innbedne på kaffe i seterhuset, som var pynta med papirroser og friskt einebar i krokane, pyntehandkle og fargerike ryer. I omnen dura det godt i turrveden, og lukta av nykokt kaffe kitla i nasen, til og med på den som likte betre mjølka frå avkjølinga borte i bekken.

Det var som eit eventyr for ein unge å oppleve livet på ei gammaldags seter. Mjølka som kyrne til Anne produserte, måtte ho fylle i transportspann, trille dei ned til vatnet og ro dei over til riksvegen, der spanna vart henta av mjølkebil.

Den gongen tenkte nok ikkje gardbrukarane så mykje på kor lønsam seterdrifta var. For dei var det viktigaste å få godt sommarbeite til dyra sine og fylgje tradisjonen, og kanskje få litt hardt tiltrengt fritid på garden, medan budeia tok seg av krøterflokken. I dag er det ingen som driv med setring på denne måten lenger. Det er snart ingen som driv med setring på nokon annan måte heller. Knapt 1300 aktive setrer er att i dag. Utviklinga, og kravet om at vi skal tene pengar på alt vi gjer, har sett ein effektiv stoppar for tradisjonelt seterbruk. Og neimen om eg er sikker på om seterturisme og opplevingsaspektet vil vere med på å oppretthalde – og vedlikehalde – setringa. Kva er ei seter, når det ikkje er andre levande skapningar enn turistvertar og turistar der?

Da hjelp det ikkje at politikarar med store ord og fakter proklamerer at vi nordmenn har eit særskilt ansvar for å ta vare på verdiane i seterlandskapet, for i verkelegheita er dei ikkje med på å ta det ansvaret.

Men kanskje, - ein gong i framtida, dersom vi overlever, - vil dei verdiane som nå blir forkasta, få ein ny renessanse, fordi vi oppdagar at dette er livsviktige verdiar for oss, og fordi andre endeleg finn ut at desse verdiane er verd å ta vare på?

Ein får vere ved håpet som katta ved skåpet ... Kanskje ein annan generasjon vil få oppleve setereventyret ein gong i framtida?

*Liv Eide, Fjuken – lokalavisa for Ottadalen*

## Mot sommaren 2005

Vi står framfor ein ny sommar,  
og atter ein sommar med setring  
for nokre av oss.  
Av og til må ein stoppe opp  
og gjera seg nokre tankar om livet,  
og om setring.  
Dette er nokre av tankane mine  
om setring akkurat nå.

### Setring 1

Ei smellvakker bjøllku i Lom  
til seters i juni ho kom,  
til utmarkskalas  
på det flottaste gras.  
Og dette gut Lars,  
gav god mjølk åt ostrom.

(Lars = Lars Sponheim)

### Setring 2

Eit seterprosjekt frå byen kjem på bordet.  
Reiselivet skal nå stå ved roret,  
med fjøs som kafe  
og inngjerda fe  
og budeie som lokkar på koret.

### Setring 3

Seterlivet vil fort gå mot slutten  
i ei næring som har mist denne futten.  
Vi ser kulturkollisjon  
og kulissevisjon.  
Der kommersen skal styre kaputten.

*Reidun Skånsar, Lom*



*Meadalen i Lom i år 2000.*

*Gry bjøllku med flokken, heimkomst til setra.*

*Foto: Reidun Skånsar*

## Regionale miljøprogram – en småskala gladmelding:

Vi er svært spent på om de regionale miljøprogrammene er robuste nok til å tjene sin hensikt. Vi spør oss sjøl om de økonomiske stimuli som er lagt i de ulike program er sterke og selektive nok slik at målsettinger for miljø, kulturlandskap og biologisk mangfold blir oppfylt. Dette er vektige og viktige spørsmål vi foreløpig ikke veit svaret på.

Det må oppfattes som en småskala gladmelding og en liten honnør til regionalt miljøprogram når en ganske bestemt seter-avvikler snur om og reiser på setra i år allikevel – fordi setertilskuddet nå er på et nivå høgt nok til å lønne ei godt kvalifisert budeie!



## Bli med i



### Medlemskontingent 2005

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttemedlem/abonnement på	
Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar  
 Organisasjon/institusjon  
 Støttemedlem/tinging

av Seterbrukaren

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

### NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77

Fax: 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51 169

NORSK SETERKULTUR  
6214 NORDDAL

B-blad



Den Norske Turistforening  
formidler naturopp-  
levelser for livet. Derfor  
samarbeider vi med  
Norsk Seterkultur for  
aktiv stølsdrift i et  
levende kulturlandskap.



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen  
og vi støttar Norsk seterkultur  
i arbeidet for denne driftsforma

# Kjøp

## Veiviseren

Norsk Kulturarv  
håndbok til de gode opp-  
levelser.

Bestill på  
[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)



Norsk Kulturarv

## Kraftfôrvalg til beite er enkelt!


Kvaliteten og tilgangen på beitegraset er  
som regel best om våren og på forsommeren.  
Utover sommeren er det vanskeligere å holde stabil kvalitet.  
Faktorer som beitetrykk og værforhold er da sentrale.

FORMEL BEITENØKSEL				
Ytelse	Svært godt beite	Middels godt beite	Ugjødsla beite/utmark	Lite beite
10 kg			1 kg FORMEL Favor 20	2 kg FORMEL Fiber
15 kg		1 kg FORMEL Favor 30	3 kg FORMEL Favor 20	4 kg FORMEL Fiber
20 kg	1 kg FORMEL Favor 10	3 kg FORMEL Favor 30	5 kg FORMEL Favor 20	6 kg FORMEL Fiber
25 kg	3 kg FORMEL Favor 10	5 kg FORMEL Elite	7 kg FORMEL Favor 20	8 kg FORMEL Fiber
30 kg	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Elite	9 kg FORMEL Favor 20	10 kg FORMEL Fiber
35 kg	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Elite		

Dersom mjelkemengden går ned, vet du at det er på tide  
å vurdere mengde og type kraftfôr.

**FORMEL**

Økt lønnsomhet for bonden



[www.f.no](http://www.f.no)